



Arkivnr: 2018/16029-1
Saksbehandlar: Kristine Angelsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		20.11.2018
Utval for opplæring og helse		27.11.2018

Tap av godkjenning som lærebedrift

Samandrag

I 2017 hadde fagopplæringskontoret tilsyn frå Fylkesmannen i Hordaland. Tilsynet gjekk mellom anna på våre rutinar kring tap av godkjenning til lærebedrifter. Rutinane som vi har hatt fram til no vart utarbeidd i 2011. Desse rutinane har vore noko omstendelege å halde seg til særleg med tanke på fristar som vert sett til bedriftene. I tilsynet vart det også påpeika at rutinane ikkje var godt nok implementert i organisasjonen.

På grunnlag av dette ser vi at det er trong for ei endring i våre rutinar for tap av godkjenning som lærebedrift. Dei nye rutinane er tydelegare når det gjeld fristar. Det er også tydelegare kva tiltak fagopplæringskontoret kan setje i verk undervegs i prosessen, og på kva måte lærlingane vert ivaretekne.

Under møtet i Yrkesopplæringsnemnda 9. november 2018 vart sak om rutinar for tap av godkjenning som lærebedrift lagt fram utan saksframlegg, og følgjande vart vedteke:

«Yrkesopplæringsnemnda tilslutta seg til rutine for tap av godkjenning som lærebedrift.»

Trass i dette ønskjer fagopplæringskontoret å leggje fram saka på nytt med saksframlegg for ei ny politisk behandling.

Økonomi: Ikkje konsekvensar utover ordinært budsjett.

Klima: Ingen kjent effekt.

Folkehelse: Dei nye rutinane vil sikre kvalitet i fagopplæringa som kan føre til at fleire får ein betre kvalitet på si vidaregåande opplæring.

Regional planstrategi: I tråd med regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Forslag til vedtak

1. Dei nye retningslinene og rutinar for tap av godkjenning som lærebedrift vert godkjent.
2. Yrkesopplæringsnemnda etablerer ei arbeidsgruppe i nemnda som raskt kan gi sin uttale på vegner av nemnda i saker om tap av godkjenning dersom det er lenge til neste møte.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Rutine for tap av godkjenning

Fylkesrådmannen, 06.11.2018

Få lærebedrifter eller opplæringskontor har mista godkjenninga dei siste åra i Hordaland fylke. Det kan vere ulike årsaker til det. Hovudfokuset til fagopplæringskontoret er at vi i størst mogleg grad skal ha ei objektiv rolle der vi både skal ta omsyn til lærlingen og til lærebedrifta. Vi ønskjer difor å ha ein god dialog med lærebedriftene slik at dei ønskjer å halde fram med å ta inn lærlingar. Ofte løyser vi vanskelege saker gjennom rettleiing og møteverksemd med bedrifter. I tillegg ser vi at nokre bedrifter vel å trekkje godkjenninga si sjølv i slike saker. Vidare er rutinane frå 2011 noko omstendelege, og tilsynet frå fylkesmannen viste at dei heller ikkje var godt nok implementert i organisasjonen.

Samtidig skal lærlingen ha eit godt arbeids- og læringsmiljø i bedrifta. Lærlingar er unge menneske under utdanning, og fagopplæringskontoret må ha moglegheit til å gripe inn dersom forholda i lærebedrifta tilseier det. Dei nye rutinane meiner vi gir tydelegare retningslinjer for fagopplæringskontoret i ein slik prosess.

Under vert dei endringane som er foreslått med den nye rutinen, gått gjennom. Det som kjem fram elles i saka frå 2011, vil fortsatt kunne nyttast som ei rettleiing for fagopplæringskontoret. Forslag til nye rutinar ligg vedlagt.

Endringar

- Tidsbruk: Med den nye rutinen er det skjerpa inn på tidsbruken i forhold til den gamle rutinen. I den gamle rutinen kunne det gå opp mot 14 veker frå fagopplæringskontoret var på bedriftsbesøk og avdekka manglar, til saka vart fremja for yrkesopplæringsnemnda. I den nye rutinen er dette korta ned til 10 veker.
- Parallell prosess med Yrkesopplæringsnemnda: Yrkesopplæringsnemnda er eit rådgjevande organ, og seksjonsleiar fagopplæring skal leggje avgjerande vekt på nemnda sin uttale ved vurdering av om ei bedrift skal miste godkjenninga si. Samtidig er det viktig at saksbehandlinga ikkje tar for lang tid med omsyn til lærling(ar) i bedrifta. Difor ser vi at det er nødvendig å kjøre ein parallell prosess med yrkesopplæringsnemnda. Det inneber at når fagopplæringskontoret sender ut brev til bedrifta med varsel om at vi opnar sak, vert saka samtidig sendt til yrkesopplæringsnemnda for behandling og uttale.
- Større fokus på lærlingen med den nye rutinen: Vi ønskjer mellom anna at elev- og lærlingombodet vert koplå inn tidlig i saka for å kunne vere ei støtte for lærlingen. Fagopplæringskontoret skal også følgje opp lærling i bedrifta undervegs.
- Setje i verk tiltak undervegs i prosessen: I den nye rutinen er det sett inn to tiltak som kan setjast i verk undervegs i prosessen. Desse to tiltaka er først å stoppe inntak av nye lærlingar, deretter at vi kan halde tilbake tilskot. Tiltaka kan berre setjast i verk dersom bedrifta ikkje rettar seg etter purringar frå fagopplæringskontoret.
- Hurtigspor for alvorlege sakar: For dei meir alvorlege sakene er det lagt inn to hurtigspor for saksbehandlinga. Her er tidsbruken korta ned til 6 veker. Med alvorlege saker meiner vi mobbing, trakassering eller liknande. I tillegg er det eit hurtigspor som omhandlar saker der vi får innspel frå prøvenemnder som går på grove manglar ved opplæringa (manglande materiell, utstyr, maskiner og liknande).
- Karantenetid: Det er sett opp ei karantenetid etter at fagopplæringskontoret har gjort vedtak på tap av godkjenning som lærebedrift. Denne karantenetida er sett til 1 år ved tap av godkjenning på grunnlag av brot på «mindre formelle krav». Dette omfattar saker der for eksempel bedrifta har manglande internkontrollsystem, manglande intern opplæringsplan, fagleg leiar ikkje har gjennomført obligatorisk kurs m.m. Vidare har vi sett opp ei karantenetid på 2 år ved tap av godkjenning på grunnlag av mobbing eller trakassering.

- Arbeidsgruppe i yrkesopplæringsnemnda: Etter den nye rutinen vert det oppretta ei arbeidsgruppe i yrkesopplæringsnemnda som raskt kan samlast og gi ein uttale på vegner av nemnda. Denne arbeidsgruppa kan nyttast dersom det er lenge til neste møte i nemnda der ei sak om tap av godkjenning kan fremjast.

Terskel

Det er ikkje tenkt noko stor endring når det gjeld vurdering av terskelen for å miste godkjenninga. Både i dei gamle rutinane og no i dei nye er det tenkt at terskelen er høg. Vi ønskjer å vere i dialog slik at vi kjem fram til ei løysing til det beste for lærlingen og lærebedrifta.

Det er i slike saker viktig å også sjå på historikken i bedrifta. Historikken kan gå på tal bestått/ikkje bestått fag-/sveineprøver, tal hevingar eller eventuelle bekymringsmeldingar frå tidlegare eller noverande lærling(ar). Det kan likevel av og til vere svært konkrete forhold som gjer at historikken i bedrifta ser ut som den gjer. Når det gjeld bedrifter som kanskje elles driv god opplæring, bør difor fagopplæringskontoret gjere ei grundig heilskapsvurdering før ein vurderer om bedrifta eventuelt skal tape godkjenning som lærebedrift.